

Statleg satsing med suksess

Kan verdifulle artar, kulturminne og landskap bli tekne vare på utan at det medfører interessekonfliktar og motstand? Forskarar har studert den statlege satsinga «utvalde kulturlandskap i jordbruket». Dei kallar satsinga ein sårbar suksess.

Dei sjeldne planteartane. Det tradisjonelle stabburet. Det unike landskapet. Mange stader i Noreg finn vi biologiske ressursar, kulturminne og landskap som det kan vere verdt å ta vare på. Tradisjonelt har desse ressursane blitt ivaretekne gjennom formelt vern med forankring i lovverket, men slikt vern har tidvis utløyst sterk motbør blant grunneigarar og dei som treng områda til næring.

Den statlege satsinga «utvalde kulturlandskap i jordbruket» (UKL) vart vedteken i 2009. Her etablerer fylkesmenn og grunneigarar frivillige avtalar om ivaretaking, og grunneigarane får økonomiske tilskot. Forskarar i programmet Miljø 2015 har no studert den lokale oppstarten og korleis satsinga har utvikla seg dei første åra.

– Vi konkluderer med at satsinga så langt er ein suksess. Oppslutnaden og velviljen blant grunneigarar er svært stor. Men fordi ordninga manglar rettsleg forankring, er ho også svært sårbar, seier prosjektleiar Odd Inge Vistad, forskar ved Norsk institutt for naturforskning.

Kystlynghei, uthus og beitemarker

UKL omfattar 22 utvalde område i Noreg, fordelt på alle fylka, og samarbeid mellom grunneigarar, kommune og fylkesmann er ein sentral del av satsinga. Forskarane har sett nærare på korleis UKL har fungert i to av dei 22 områda, Nordherad i Vågå og Skei og Skeisnesset på Leka. Både Nordherad og Skeisnesset har store biologiske og kulturhistoriske verdier, men utover dette er områda svært ulike:

Skeisnesset har 3530 dekar med kystlynghei, som har blitt brukt som fellesbeite for storfe og sau i mange hundre år. Kystlynghei er ein av dei eldste kulturmarkstypene, men har gått sterkt

tilbake på grunn av modernisering i landbruket. Ivaretaking fordrar at skjøtselen skje på ein tradisjonell måte. Vegetasjonen i området er typisk for nordlege heier, og ein finn også fleire sjeldne vegetasjonstypar og fugleartar.

Nordherad har i større grad enn Skeisnesset ei blanding av inn- og utmark, og her finst det eit mangfald av ekstensiv og biologisk rik kulturmark. Dette området har mange freda gardsanlegg og bygningar. På gardane er det mindre uthus, til dømes eldhuset, tørrstuga og smiua, som i dag ikkje har nokon nyttefunksjon, men som betyr mykje for landskapet og heilskapen.

Gjennom UKL har grunneigarar og bønder fått støtte til ulike tiltak: I Nordherad har det blitt gitt støtte til ivaretaking av gamle hus og uthus, og også til å rydde gammal beitemark som er tilgrodd av bjørk og einer. På Skeisnesset er det gitt støtte til rydding og brenning av kystlynghei, arrangement av kurs i tilpassa husdyrbruk og restaurering av kulturminne. Det er også opparbeidd ein kultursti gjennom området.

Stor oppslutnad

Forskarane i prosjektet har gjennomført mange intervju i dei to områda. I tillegg har dei delteke på lokale og nasjonale møte og ►

Kystlynghei er ein av dei eldste kulturmarkstypene, men ivaretaking føreset tradisjonell skjøtsel. På Leka er det gjennom satsinga UKL blitt gitt støtte til å ivareta slike lyngheier.

Foto: Ann Norderhaug



studert litteratur og relevante dokument. Dei har vurdert både miljøkvalitetar og skjøtels- og restaureringsgrep i dei to områda.

Dei har opplevd at ordninga er blitt svært godt motteken – etter kvart.

– Sjølv om UKL er ei frivillig ordning, var det likevel ein del grunneigarar som var skeptiske i starten. Nokon oppfatta det som ein måte «å lure inn eit vern bakvegen». Men etter kvart såg vi ei tydeleg meir positiv haldning hos grunneigarane. Både på Leka og i Nordherad har så godt som alle dei aktuelle grunneigarane signert samarbeidsavtalar med fylkesmennene, seier Vistad.

Lokale synspunkt vart lytta til

Prosjektleiaren trur at ein grunn til auka oppslutnad har vore ein fleksibilitet overfor kva som reknast som verdifullt og som bør takast vare på. Lokale synspunkt har fått spele inn, og nyare kulturelement er også blitt vektlagde.



Forskar Odd Inge Vistad har studert den statlege satsinga «utvalde kulturlandskap i jordbruket» (UKL).
Foto: Kari Sivertsen, NINA

– I Nordherad i Vågå omfatta det utvalde landskapet først og fremst dei gamle og store gardane. Men i Nordherad finn vi også ei solid småkårs historie, og lokalt såg ein det som viktig å ta vare på dei gamle rydningsplassane i eit brattlendt og steinete landskap i utkanten av området. Her rydda fattigfolket og småkårsfolket plassane sine i gamle dagar, seier Vistad.

– At grunneigarane fekk gjennomslag var viktig for den lokale velviljen. Generelt såg vi at den lokale måte å sjå ting på fekk tydeleg innpass etter kvart som skjøtelsplanar vart utarbeida.

Sårbar ordning

Vistad meiner at UKL opnar for ei meir heilskapleg tilnærming enn formelt vern. Under UKL har tiltak innan biodiversitet, kulturminne og kulturmiljø blitt samordna. I tillegg inneber ordninga eit nært samarbeid mellom grunneigarar, brukarar og andre lokale.

– Dette samarbeidet har ein heilt avgjerande sosial-psykologisk effekt. Grunneigarar og andre i området må ikkje føle seg tilsidesett av nokon som kjem utanfrå og dikterer i deira eige «kvardagslandskap», seier han.

Forskarane ser på den statlege satsinga som ein suksess, så langt. Men Vistad understreker at UKL i dag er ei svært sårbar ordning.

– Uansett om ordninga møtast med velvilje lokalt, er ein avhengig av at både lokale og statlege styresmaktar støttar opp. Ordninga er ikkje forankra i lovvedtak eller forskrift. Og ikkje minst: Det trengs ein landbrukspolitik som gjer det muleg og freistande å halde gardsdrifta i gang, også for framtidige generasjonar. Betalinga til bonden gjennom UKL er jo for småpengar å rekne, seier Odd Inge Vistad.



Innbyggjarar i Nordherad ønska å ivareta småkårsfolket sine gamle plassar. At ønsket fekk gjennomslag var viktig for velviljen til ordninga, meiner forskarane. Biletet viser eit restaurert laftehus i ei bratt, steinete skråning der småkårsfolk budde.

Foto: Odd Inge Vistad

Fakta om prosjektet

Tittel: Conservation Covenants in Norway (CoCoviN) – moderating conflicts, reducing bio-diversity loss and improving resource management?

Prosjektperiode: 2008–2013

Institusjonar: Norsk institutt for naturforskning, Østlandsforskning, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Universitetet i Oslo, Bioforsk, Norsk senter for bygdeforskning, Norsk institutt for kulturminneforskning, Norsk institutt for naturforskning

Prosjektleiar: Odd Inge Vistad, odd.inge.vistad@nina.no

Om programmet

Norsk miljøforskning mot 2015

Miljø 2015 er et bredt, tverrfaglig forskningsprogram som skal gi kunnskap om sentrale miljøspørsmål og danne grunnlag for framtidig politikktutforming.

Programmet skal sikre bred deltakelse i miljøforskningen og løper fram til 2016.

Mer informasjon finnes på:
www.forskningsradet.no/miljo2015